

Fra: Agnetha Wiborg (Agnetha.Wiborg@hfk.no)

Sendt: 07.01.2015 12:35:24

Til: Bergsvik, Grethe; Berntsen, Tale; Mona Røsvik Strømme (mona.rosvik.stromme@gmail.com); Oddrun Samdal (Oddrun.Samdal@uib.no); Roald Stenseide (roa-stei@online.no); Roger Pilskog (Roger.Pilskog@lo.no); Tom Knudsen (Tom.Knudsen@nho.no); Vambheim Leiv

Kopi: Bård Sandal; Kathrin Jakobsen

Emne: Styringsgruppe planprogram kompetanse og arbeidskraft

Vedlegg: Invitasjon til innspelsmøte.docx;image001.png

Styringsgruppe for planprogram for kompetanse og arbeidskraft,

Takk for at de stiller som medlem i styringsgruppa for planprogram for Regional plan for kompetanse og arbeidskraft.

Arbeidet med planprogrammet skal vere ein open prosess med brei deltaking frå aktørar i Hordaland som er opptatt av kompetanse og arbeidskraft. Vi startar difor dette arbeidet med ein innspelskonferanse 30. januar som vi håpar flest mogleg kan delta på (sjå vedlagte invitasjon). Føremålet med innspelskonferansen er å diskutere ulike problemstillingar som kan vere relevante for planarbeidet. Innspela frå dette møtet vil vere viktige som grunnlag for diskusjon i møtet i styringsgruppa og det vidare arbeidet med planprogrammet.

I samråd med leiar for styringsgruppa, Mona Røsvik Strømme, er første møte i gruppa fastsett til etter innspelskonferansen 30.januar

Vi tar sikte på at første møtet i styringsgruppa blir eit halvdagsmøte. Aktuelle datoar er:

Torsdag 5. februar

Fredag 6 februar

Tysdag 10. februar.

Vi ønskjer tilbakemelding på kva datoar som kan passe så snart som mogleg.

Styringsgruppa si rolle er å peike ut retning og leggje hovudrammene for arbeidet. Følgjande medlemmer inngår i styringsgruppa:

Mona Røsvik Strømme, leiar

Tom Knudsen, NHO

Roger Pilskog, LO

Roald Stenseide, styreleder Hordaland fagskulestyre

Oddrun Samdal, Universitetet i Bergen

Høgskolen i Bergen, ennå ikkje utnemnt

Tale Berntsen, Bergen kommune

Grethe Bergsvik (foreløpig) for Regionrådet Vest

Leif Vambheim, Hardangerrådet

Planprogramarbeidet

Bakgrunn

Oppstart av arbeidet med planprogram for regional plan for kompetanse og arbeidskraft har sin bakgrunn i Regional planstrategi. Utfordringa planen skal arbeide med, er kva kan ein gjere for å sikre tilgang på tilstrekkeleg arbeidskraft og «rett» kompetanse til arbeidslivet i Hordaland. Ei hovudutfordring for å kunne handtere utfordringane i offentleg sektor knytt til demografiske endringar og auka krav til tenester, og auka konkurransen og behov for nyskaping i næringslivet, er tilgang på rett kompetanse og tilstrekkeleg arbeidskraft. Planarbeidet vil ta utgangspunkt i korleis utdanningssystemet kan bidra til robust tilgang på arbeidskraft og «rett» kompetanse, og planen vil ha eit langsiktig perspektiv fram mot 2030.

Planprogrammet er ein plan for korleis planarbeidet skal gjennomførast. Målet med planprogramfasen blir derfor å beskrive tema og omfang, avklare behov for utgreiingar og analysar og konkretisere korleis planprosessen skal gjennomførast.

Tidsplan

Det er planlagt at det ferdige planprogrammet skal sendast til Fylkestinget i mai, med vedtak om at planprogrammet blir sendt på høyring 19.mai. Endeleg vedtak av planprogrammet i Fylkesutvalet er planlagt til august 2015.

Organisering

Utover styringsgruppa, er planprogramarbeidet organisert med ei arbeidsgruppe med eksterne og interne deltagarar. Eksterne deltagarar representerer Universitetet i Bergen, Høgskolen i Bergen, Høgskolen Stord/Haugesund, LO, NHO, KS, Fylkesmannen, NAV og Næringsalliansen. Arbeidsgruppa blir leia av regionaldirektør for regional utvikling, Bård Sandal. Dei interne deltagarane fra Opplæringsavdelinga og Regionalavdelinga utgjør eit sekretariat. Ansvaret for planprogramarbeidet er lagt til Regionalavdelinga. Arbeidsgruppa har hatt eitt møte.

Det er brei deltaking i organiseringa av planprogramarbeidet ettersom mange aktørar er involvert i arbeid med kompetanse og arbeidskraft, og det er viktig å få ein fyrtse oversikt over kva som blir gjort på feltet av ulike aktørar og institusjonar som grunnlag for det vidare arbeidet med planen.

Venleg helsing

Agnete Wiborg
Seniørrådgiver
Regionalavdelinga



Tlf: 55 23 93 28
www.hordaland.no |